

Demensforeining med Uskedalen-leiing

21.09.2011



Sentral kvartett i demensforeininga er Reidar Myklebust, ellen Schwenke, Gunn Jorunn Steinsland og Evelyn Mehl Willumsen

70 000 nordmenn er i dag ramma av ein demenssjukdom og ein av dei er alzheimer. Det betyr at 250 000 er berørt av sjukdommen på eit eller anna vis. Om 40 år vil talet vera fordobla, meiner ekspertane.

Dette er det dystre bakteppet for det gledelege som er skjedd i Kvinnherad. Her har det vorte nytt liv i demensforeininga og den er leia av uskedelingen Reidar Myklebust. Også Ellen Schwenke er sentral saman med helseagleiar Selma Eik.

Lokallaget har vore passivt i nokre år, men i lys av behovet har nokre eldsjelar starta på ny frisk. Som eit lokallag under Nasjonalfoeiningsa vil det mellom anna støtta pårørande, halda kurs og møter og danna samtalegrupper.

Ikkje minst det første er viktig, for dei pårørande slit seg gjerne ut, held Reidar Myklebust fram

Dei som er berørte treng sårt ein møtestad. Det er eit aukande behov for både kunnskap, forståing og hjelpetiltak for pasientane, deira pårørande og blant helsepersonellet.

Innsamlinga av pengar til det gode føremålet er i full gang. I kveld går russen rundt i dei ytre delane av kommunen og mandag blir det innsamling

i Uskedalen med Selma som den ansvarlege.

Myklebust strekar under at dei treng både aktive og passive medlemmer.

Sjukdommen kjem som regel etter fylte 65 år, men den kan også siå ut i yngre alder. Kosthold og trim kan utsetta den,

Tekst: Ola Matti Mathisen

Foto: Kvinnheringen